

## Referat frå møte i Skulemiljøutvalet (SMU) og Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	<b>Måndag 24.01.23</b> <b>SMU kl. 18:00-19:00</b> <b>SU kl. 19:00-20:00</b>	Stad:	<b>Landro skule</b>
------------	---	-------	---------------------

### Desse var kalla inn:

Anette Johansen Arslan	Foreldrerådet, leiar FAU
Thomas Sekkingstad	Foreldrerådet, nestleiar FAU
Lisbeth Kvalheim	Undervisningspersonalet
Ingvild Langeland Tellnes	Undervisningspersonalet/elevrådskontakt
Monica H. Sæle	Andre tilsette
Hege Misje	Kommunal representant, politisk
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor
Ivonne Lykke Vuksic	Elevrådet
Thea Emilie Turøy	Elevrådet

Sak nr.	<b>Møte i Skulemiljøutvalet:</b>
---------	----------------------------------

<b>6-22/23</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Informasjon og orientering frå elevrådet</b> Elevane fortel at det er spennande å få delta og engasjere seg i elevrådet. Der får dei ta opp og drøfte ulike saker som dei er opptekne av i skulekvardagen. Elevrådet har før jul arrangert temadagar, noko som det er ynskje om å halde fram med denne våren. Dei ynskjer også å arrangere turneringar. Elevrådskontakt fortel at elevane er flinke til å melde inn saker.</li></ul> <p>Elevrådet speler med jamne mellomrom inn ulike ynskjer til innkjøp av utstyr til friminutta. Skulen har med utgangspunkt i ynskjene bestilt inn ein god del utstyr til bruk i friminutta, og av Aktiv glede-leiarane til gjennomføring av aktivitetar. Skulen har i haust investert i, og fått bygd ny lavvo på Garen på Landro. Lavvoen blir brukt både av grupper på Garen og av skuleklassar.</p>
----------------	---

	<p>Det blir kjekt å få nye vestar med logo til Aktiv glede-leiarane. FAU kan sponsa med 30 vestar x 130 kroner (3900,-). Skulen bestiller 40 vestar og dekkjer mellomlegget.</p> <p>Elevrådskontakt stiller spørsmål om skulegenser er aktuelt? SMU drøfter og er einige om at vi ikkje ynskjer kjøp av skulegenser. Dette for å unngå å skape kjøpepress, samt vere i tråd med gratis-skuleprinsippet.</p> <p>Vi har ikkje skulekatalog eller fotografering for alle elevane dette skuleåret. Vi får vurdere kva vi gjer på vegen vidare. Det er ynskje om fotografering og klassebilete for 1. og 7. trinn.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Tema språkbruk</b> Både elevar og vaksne i SMU er einige om at det kan vere viktig og naudsynt å jobbe med språkbruk i tida som kjem. Både ved skulen, og i samfunnet elles, kan det sjå ut til at det er har blitt tøffare språkbruk. Dette kan vi ikkje berre akseptere, men bør jobbe målbevisst med. Fleire klassar har allereie hatt dette som tema og jobba med det. Vi ynskjer at elevrådet set ekstra fokus på dette. Det same vil vi vaksne ved skulen gjere. Drøfte dette i personalmøter, og sjå korleis vi kan jobbe med dette i dei ulike klassane. Det finns ulike pedagogiske opplegg ein kan nytte i dette arbeidet, til dømes har Redd Barna eit aktuelt opplegg.</li> </ul>
<b>Møte i Samarbeidsutvalet:</b>	
7-22/23	<p><b>Saker og spørsmål frå FAU:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• FAU vil arrangere karnevaldisko for elevane torsdag 16.02.23. Det blir presisert at arrangementet ikkje skal føre til kjøpepress, men ha fokus på gjenbruk og låne av kvarandre.</li> <li>• FAU vil også arrangere bingo eller basar 20.04.23. Det blir sjekka at arrangementet er i tråd med gjeldande reglar for slike arrangement (Lotteritilsynet).</li> <li>• FAU stiller spørsmål om det er aktuelt å tenkje leksefri skule? Dette er eit spørsmål som ikkje kan konkluderast på eit SU-møte, utan at det har vore gjennomført drøfingar og prosess rundt spørsmålet. Skulen er oppteken av at måten vi gjennomfører lekser på, skal vere i tråd med «Plan for framtidens skule», som nyleg er utarbeidd i Øygarden kommune og seier følgjande: <i>«Det er ei forventning om at alle skular og lærarar legg til rette for at dersom ein har heimearbeid, skal alle elevar meistre oppgåvene. Dette vert av mange omtala som å vere ein leksebevisst skule. Målet er at elevane skal meistre heimearbeidet uavhengig av foreldra sitt utdanningsnivå. Å byggje på det kjente er eit godt pedagogisk prinsipp, som kan gjere at lekser og heimearbeid fremjar samarbeid mellom heimen og skulen, og styrkjer relasjonen mellom føresette og barn»</i>. Vi hadde ein god diskusjon rundt temaet lekser i møtet. Det er sentralt med meistring og godt samarbeid med heimen</li> </ul>

	<p>med tanke på tilpassing. Vi skal ikkje halde på lekser fordi det er tradisjon, men vi skal vere ein leksebevisst skule. Her er ulike metoder som kan bli nytta i leksearbeidet, til dømes omvendt undervisning. Skulen vil jobbe vidare med dette spørsmålet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• FAU kom med spørsmål og ynskje om skidag for elevane. Det vart vist til at naboskulen hadde gjennomført dette. Vi har tidlegare hatt dette spørsmålet til drøfting, og vurdert utbyttet opp mot andre prioriteringar for elevane våre. Landro skule satsar på ulike tiltak og tilbod for elevane våre, og det vil alltid handle om prioriteringar. Det er viktig for oss at det vi satsar på når flest mogleg av elevane våre, breiddetiltak. Det blir ikkje prioritert skidag dette skuleåret. Rektor vil delta på neste FAU-møte og orientere om viktige prioriteringar og tiltak vi har sett i gong dette skuleåret.</li> <li>• Avklaring i høve til leige av gymsal. Det er gjort endring i det politiske vedtaket om gebyrregulativ når det gjeld bursdagsfeiringar for elevar ved skulen. Leige av gymsal til dette føremålet skal ikkje koste noko. Leige av gymsal til andre arrangement som til dømes konfirmasjon, vil følgje gebyrregulativet.</li> </ul>
<p><b>8-22/23</b></p>	<p><b>Saker frå skulen:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kort orientering om våre satsingsområde: psykososialt læringsmiljø og grunnleggjande dugleik lesing. Vi jobbar med leseplan og oppfølging av resultat på kartleggingsprøver. Resultat på nasjonale prøver inneværande år, viser at fleire elevar no er på meistringsnivå 2 og 3, det er positivt. Målsetjinga på vegen vidare vil framleis vere at vi jobbar for at flest mogleg av elevane skal vere på meistringsnivå 2 og 3, når det gjeld dugleik i lesing, rekning og engelsk.</li> <li>• Som ledd i lesesatsinga vår jobbar vi med utvikling av biblioteket vårt. Vi ynskjer eit levande bibliotek som er mest mogleg i bruk gjennom skulekvardagen.</li> <li>• Landro skule vil i mars delta på Energimessa som blir arrangert for elevar på mellomtrinnet, ungdomstrinnet og vidaregåande skule. Dette er eit samarbeid med lokalt næringsliv. Bærekraft er tema, med stikkord energi, bærekraft, entreprenørskap, oppdrett, teknologi. Det blir spanande å sjå kva elevane våre bidreg med på stands. Det er 5. og 7. trinn som skal jobbe med temaet.</li> <li>• Landro skule jobbar aktivt for å sikre elevane våre eit trygt og godt skulemiljø. Gjennom ein skuledag er det mange behov som skal dekkjast. Vi er ein skule med det doble av landsgjennomsnittet når det gjeld elevar som treng tilpassing i høve til spesialpedagogiske behov. Spesialpedagogiske behov kan famne om både det faglege og det sosiale. For å møte behova best mogleg, har vi beslutta å tilsetje ein miljørettleiar. Skulen vil ha ein miljørettleiar på plass frå midten av februar. Dette er eit tiltak i tillegg til andre tiltak som allereie blir</li> </ul>

	<p>gjennomført: ulike spesialpedagogiske tiltak (både individuelt, i gruppe og i klasse), bruk av Garen som læringsarena, miljøbase, godt arbeid med tilsyn ute o.l. Miljøretteiar ynskjer vi skal jobbe på systemnivå, og med ulike prosjekt/behov. Rektor vil orientere FAU meir om dette på neste FAU-møte.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det vil bli gjennomført sommaravslutningar ved skulen. Korleis dette arrangementet blir, er framleis i planleggingsfasen. Eit stort eller fleire mindre arrangement er det som skal drøftast vidare.</li> <li>• Skulen ynskjer i samarbeid med FAU å få til ein temakveld til hausten. På neste SU-møte vil vi jobbe meir med denne saka.</li> </ul>
<p><b>9-22/23</b></p>	<p><b>Plan for framtidias skule – sjå meg:</b></p> <p>Planen er eit styringsdokument for skulane i Øygarden kommune. Den skal gi retning for arbeidet med kvalitetsutvikling og samhandling på alle nivå i skulen, frå skuleeigar til elevar og foreldre.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det å vere tett på og jobbe aktivt med tidleg innsats er ei viktig satsing i planen. Som barneskule er vi opptekne av, og einige om at tiltak rundt tidleg innsats, må prioriterast høgt. Som skule stiller vi spørsmål om tidleg innsats er nok satsa på i kommunen? Slik situasjonen er no, ser vi at mykje ressursar går til å dekkje lovpålagte oppgåver og forsvarleg drift. Kva då med handlingsrommet som skal vere der for å ha gode breiddetiltak i tidleg fase? Førebygging og tidleg innsats vil kunne gi gode resultat på sikt, både for einskilde elevar og i eit samfunnsøkonomisk perspektiv. Det er mykje meir kostnadskrevjande å reparere skeivutvikling/uønskje utvikling, enn å sikre gode tiltak frå start av. Kommunal politisk representant støtter og ser dei utfordringane vi skisserer.</li> </ul>
<p><i>Referent:</i>  <i>Anita Vabø</i>  <i>Rektor</i></p>	